



Dato: 07.01.2020
Arkivref: 2018/702-326/2020 / 632.0

Saksbehandlar: Njål Gunnar Slettebø
53 42 31 32
njal-gunnar.slettebo@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Utval for natur, klima og miljø	23.01.2020

OPPSUMMERING AV HJORTEJAKTA 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det var felt 171 hjortar i hjortejakta 2019. Minstearealet pr fellingsløyve blei i fjor sett ned frå 1200 daa til 750 daa, og det blei felt 25 fleire dyr i fjor enn året før. Fellingsprosenten er på 72,2 %.

Samla sett må ein seia seg nøgd med hjortejakta 2019.

Dokument i saka:

Fellingsrapportar frå hjortevalda, slaktevektskjema og sett-hjort-skjema.

Oversikt over tildelte fellingsløyve i Bømlo 2019.

Sak 16/18 i Naturbruksutvalet 11.06.2018

Bakgrunn for saka:

Hjortejakta 2019 er slutt, jaktperioden var frå 01.09 – 23.12.2019.

I 2019 vart det tildelt totalt 237 fellingsløyve på hjort. Dette er 40 fleire løyve enn i 2018. Den store auken i tildelinga skuldast at minstearealet pr fellingsløyve vart sett ned frå 1200 til 750 daa i 2019. Løyva var fordelte slik: 48 kalvar, 28 spissbukk, 38 koller og 38 vaksen bukk.

I tillegg fekk Finnås Grunneigarlag godkjent ny bestandsplan for åra 2019 -2021 med eit årleg uttak av 85 dyr +- 5 dyr. Målet for uttak i bestandsplanen er minimum 20% kalv, 35% kolle, minimum 10% spissbukk og 35% vaksen bukk.

Resultatet av hjortejakta 2019:

Det vart under hjortejakta 2019 felt 171 dyr, fordelt slik: 41 kalvar, 34 spissbukk, 42 vaksne bukkar og 54 koller. Dette er dei høgaste fellingstala i Bømlo nokon gong. Fellingsprosenten er på 72,2%.

År 2019	Tildelt totalt	Felt hann kalv	Felt ho kalv	Felt hann- dyr 1 ½ år	Felt hodyr 1 ½ år	Felt hann- dyr eldre	Felt ho- dyr eldre	Felt totalt	Fellings- prosent
Finnås Grunneigarlag	85	7	3	14	6	19	17	66	77,6
Bærøy Jaktvald	12	0	2	0	0	0	3	5	41,7
Finnås Grunneigarlag Sør	15	2	2	3	0	4	4	15	100
Vorland Jaktvald	9	1	0	1	0	2	3	7	77,8
Stongjo	12	1	2	3	1	3	2	12	100
Bjørnevik / Hidle	6	0	0	0	0	1	1	2	33,3
Tjong Jaktvald	6	2	0	1	2	1	0	6	100,0
Berge/ Skippervik	7	1	1	1	2	1	0	6	85,7
Brattøya/Barane	1	0	0	0	0	0	0	0	0,0
Hovland og Andal Jaktvald	4	1	0	2	1	0	0	4	100,0
Kallavåg/Vestvik	2	1	0	0	0	0	0	1	50,0
Rolfsnes	6	1	1	1	0	2	1	6	100,0
Innvær/Stangervåg Jaktvald	4	1	1	1	0	0	1	4	100,0
Husa nord Jaktvald	2	0	1	0	0	0	1	2	100,0
Holme	2	0	1	0	0	0	1	2	100,0
Vespestad/ Dyrnes Jaktvald	6	1	1	0	1	1	0	4	66,7
Svortland Grunneigarlag	2	0	0	1	0	0	0	1	50,0
Katla Jaktvald	2	0	0	1	0	0	0	1	50,0
Meling/Hallaråker	3	0	0	0	1	1	0	2	66,7
Goddo Jaktvald	4	0	0	1	0	0	0	1	50,0
Mækjebakken Jaktvald	4	1	1	0	0	1	1	4	100,0
Bhøssen Jaktvald	3	0	0	0	0	0	0	0	0,0
Vika/ Holme Jaktvald	4	0	0	0	0	1	1	2	50,0
Eikeland Jaktvald	1	0	0	0	0	0	0	0	0,0
Husa Sør Jaktvald	2	1	0	0	0	1	0	2	100,0

Ådnå Jaktvald	1	0	0	0	0	0	0	0	0,0
År 2019	Tildelt totalt	Felt hann kalv	Felt ho kalv	Felt hanndyr 1 ½ år	Felt hodyr 1 ½ år	Felt hann-dyr eldre	Felt ho-dyr eldre	Felt totalt	Fellingsprosent
Grindheim Jaktvald	1	0	0	0	0	0	0	0	0,0
Rutsøy Jaktvald	2	0	0	0	0	0	0	0	0,0
Røyksund/Håvik Jaktvald	4	0	1	1	1	1	0	4	100,0
Rogøy Jaktvald	1	0	0	0	0	0	0	0	0,0
Sønstabø/Mehus/Nordtun Jaktvald	4	0	0	0	0	0	0	0	0,0
Risøy og Røyrøy Jaktvald	1	0	0	0	0	0	0	0	0,0
Ersland 1	2	0	0	0	0	0	1	1	100,0
Finnås Gard	7	1	0	2	0	1	1	5	71,4
Grutle Jaktvald	3	0	0	0	0	1	1	2	66,7
Lykling/Sele	7	2	0	1	0	1	0	4	57,1
Sum	237	24	17	34	15	42	39	171	72,2

Desse valda har ikkje felt dyr i 2019: Risøy og Røyrøy, Sønstabø/Mehus og Nordtun , Rogøy, Ådnå, Eikeland, Grindheim Bhøssen, Brattøya og Barane.

Felte dyr i Bømlo, tal og prosent 2011 – 2019

År	Kalv	Kolle	Spissbukk	Bukk	Totalt felt	Tildelt
2011	50 (31%)	58 (35%)	20 (12%)	36 (22%)	164 (79%)	208
2012	46 (32%)	42 (30%)	17 (12%)	37 (26%)	142 (68%)	209
2013	34 (25%)	41 (30%)	20 (15%)	40 (30%)	135 (66%)	205
2014	25 (20%)	32 (26%)	23 (19%)	44 (36%)	124 (63%)	197
2015	28 (23%)	38 (31%)	25 (21%)	30 (25%)	121 (65%)	185
2016	38 (29%)	36 (27%)	26 (20%)	31 (24%)	131 (75,7%)	173
2017	37 (25,9%)	46 (32,2%)	22 (15,4%)	38 (26,6%)	143 (76,1%)	188
2018	38 (26%)	43 (29%)	26 (18%)	39 (27%)	146 (74,1%)	197
2019	41 (24 %)	54 (31,6)	34(19,9%)	42 (24,6 %)	171(72,2%)	237

Tabell 2: Tildelte og felte dyr 2012-2019

År	Tildelt totalt	Felt hannkalv	Felt hunnkalv	Felt hanndyr 1 ½ år	Felt hunndyr 1 ½ år	Felt hanndyr eldre	Felt hunndyr eldre	Felt totalt	Fellingsprosent
2012	209	23	23	17	14	37	28	142	67,94
2013	205	16	18	20	12	40	29	135	65,85
2014	197	9	16	23	16	44	16	124	62,94
2015	185	16	12	25	11	29	27	120	64,86
2016	173	23	15	26	16	31	20	131	75,72
2017	188	19	18	22	21	38	25	143	76,06
2018	197	21	17	26	16	39	27	146	74,10
2019	237	24	17	34	15	42	39	171	72,20

Vurderingar:

Minstearealet pr fellingsløyve i Bømlo vart i 2019 sett ned frå 1200 daa til 750 daa. Tal fellingsløyve vart etter klagerunden i august 19 237 fellingsløyve. I hjortejakta 2019 er det felt 25 fleire dyr i fjor enn året før. Fellingsprosenten er på 72,2 %. Dette er ny rekord i Bømlo. I 2011 vart det felt 164 hjortar.

Ser ein på uttaket samla er det teke ut 39 eldre kolle mot 27 eldre kolle året før. Når det gjeld eldre bukk er det berre ein liten auke frå 39 bukkar i 2018 til 42 bukkar i 2019. Det er teke ut 34 spissbukkar mot 26 spissbukkar året før. Uttaket er større på unge dyr og ein har spart på dei store bukkane. Dette er ei ynska utvikling av jaktuttaket.

Når det gjeld hodyr er det teke ut fleire eldre kolle enn året før. Med den auken ein har i hjortestammen på Bømlo er dette gunstig for få til ei stabilisering av hjortestammen.

Rapportane me får frå ulike område i Bømlo er at det er observert mykje hjort etter at jakta er avslutta. Uttaket av hjort må difor haldast på same nivå til neste år. Endringa i minsteareal gjer dette mogleg.

Nytt opplegg for hjorteviltregisteret gjer at statistikk på slaktevektene og sett hjort ikkje er ferdig endå. Dette vil me difor lage ein oversikt på til eit seinare møte i Utval for natur, klima og miljø i god tid før tildeling av fellingsløyve for 2020.

Økonomiske konsekvensar:

Den store hjortestamma har ikkje økonomiske konsekvensar for kommunen, men for dei aktive gardbrukarane utgjer tapt avling til dels store økonomiske tap.

Oppsummering og konklusjon:

For hjortejakta 2019 var det tildelt 237 fellingsløyve, og det vart felt 171 dyr. Dette er 25 fleire felte dyr enn året før. Fellingsprosenten var på 72,2%, noko som er ein nedgang på 2% frå 2018. Uttaket av dyr er fordelt slik: 41 kalvar, 34 spissbukkk, 42 vaksne bukkar og 54 koller. Samla sett må ein seia seg nøgd med fellingsresultatet.